

---

# Notat

---

Til: Roald Hovden

Kopi til: Berit Karin Rystad, Ingvild Hjelmtveit

Saksbehandler: Politisk-adm.sekretariat/Bente Skjerping

Vår referanse: 14/411 - 4 / FA - M00

Dato: 13.02.2019

---

## **Emne: Oversend sak frå heradsstyret 12. desember 2018**

"Følgjande framlegg om tilkopling til kommunalt VA-anlegg vert sendt til administrasjonen for vurdering:

Grensa for kva som er innanfor "nærliggende areal" i plan- og bygningslova §§ 27-1, 2. ledd, 1. punktum og 27-2, 2. ledd, 1. punktum vert sett til 200 meter i terrenget frå påvist tilkoplingspunkt på kommunal leidning til aktuell bygning som ligg på eigedom. Avstandsgrensa vert multiplisert med talet på bygningar dersom kommunen stiller krav om samordna tilkopling til kommunale leidningar, men likevel slik at enkeltavstand ikkje er over 200 meter per abonnement. Kommunen bør ikkje krevja samordna tilkopling for fleire enn fem (5) abonnement per sak.

Dersom kravet om tilkopling til kommunal leidning etter kommunen sitt skjøn vil vere " forbundet med uforholdsmessig stor kostnad", det vil seie over grunnbeløp 2G i Folketrygda per abonnent, eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning, jfr. plan- og bygningslova §§ 27-1. 2. ledd, siste punktum og 27-2, 2. ledd, siste punktum. Normalkostnad for 200 meter grøft vil verta lagt til grunn ved kommunen si vurdering."

Bakgrunnen er eit forslag frå Hjalti H. Gislason:

*Krav om VA-påkopling, reglane treng å bli tydlegare, 200 m avstand, innanfor ein radius på 200 meter -bør målast i terrenget ikkje luftlinje, ....*

- må sette tak på kostnaden på tilkopling*
- kommunen kan betre legge til rette*

*Ber heradsstyret ta stilling til ei sak - les opp saka - ber heradsstyret om å ta stilling til om det skal tas opp som sak*

Saka vart ikkje teken opp til behandling, men i vart oversend administrasjonen til vurdering.